

SPØRJELISTE – KULTURMINNE (GJENSTAND)

Opplysningar om informant:

Her vil vi gjerne ha opplysningar om den du intervjuar, din *informant*.

Kjønn: kvinne Fødselsår: 1945

Fylke: Vest-Agder

Forhold til intervjuar (til dømes om det er bestemor, nabo, onkel eller mor si venninne du intervjuar):

Mor mi

Opplysningar om kulturminnet:

Her vil vi gjerne ha opplysningar om sjølve kulturminnet.

1) Kva slags kulturminne har du valt ut?

Ei dokke.

2) Omlag gammalt er kulturminnet?

Ho er frå 1950.

3) Kva funksjon har kulturminnet? (Pynteting eller praktisk bruk?)

Det er ei leike.

4) Faktiske opplysningar om kulturminnet (vekt, høgde, breidde).

Dokka er 52 cm høg. Breidda varierer, men den er 21 cm frå skulder til skulder. Dokka veg 600 gram.

5) Kva slags materiale er kulturminnet laget av?

Dokka er laga av fleire forskjellige materialar. Armar og bein er laga av gummi. Kroppen er laga av tøy, medan hovudet er i plast.

6) Er kulturminnet handlaga eller masseprodusert? Dersom det er handlaga – veit du kven som har laga det?

Dokka er masseprodusert.

7) Har kulturminnet hatt fleire eigarar?

Dokka har berre hatt ein eigar (min informant).

8) Beskriv kulturminnet!

Dokka har tøykropp, gummiarmar, gummibein og plasthovud. Både armar og bein er ganske slitne, og gummien har sprokke opp nokre stader på beina. Dokka har blå auge, og augelok som kan opne og lukke seg. Når du voggar dokka lager ho gråtelyd. Dokka har på seg rosa kjole og kyse, begge i syntetisk stoff. Kleda er like gamle som dokka.

Kulturminnet si reise

Mange kulturminne ”reiser” i løpet av ”liva” sine. Eit kulturminne kan være laga ein stad i Noreg, og det kan gjennom åra ha flytta med eigarane sine til andre stader i landet. Andre kulturminne er komne frå andre land. Dei kan være kjøpte som eit turistminne, eller det kan vere gjenstandar som har blitt med på flyttelasset til Noreg. Her vil vi gjerne vite litt meir om kvar kulturminnet du har valt ut kjem frå.

1) Kvar kjem kulturminnet frå (opphavsstad/land)?

Dokka kjem frå USA.

2) Beskriv kulturminnet si ”reise” - korleis det har kome til den staden det er i dag.

Dokka kom til Noreg i 1950. Informanten min fekk ho hjå bestefar sin. Han arbeidde på fiskebåt i USA, og hadde dokka med som gåve til henne då han var heime på ferie denne sommaren. Etter at informanten min vart vaksen, følgde dokka med på flyttelasset dit informanten bur i dag.

3) Har eigaren av kulturminnet eit spesielt forhold til den staden eller landet kulturminnet kjem frå?

Min informant har eit spesielt forhold til USA fordi bestefar hennar budde der. Ho har og ein fetter og ei kusine der. Då ho var lita fekk ho av og til pakker frå Amerika, og det var alltid veldig spennande. Etter at ho vart vaksen, har ho vore på ferie der fleire gonger.

Minner og historier om kulturminnet

Vi omgir oss med mange gjenstandar. Nokre er praktiske, andre stiller vi ut til pynt. Nokre gjenstandar tyder noko spesielt for oss. Det kan være minne om ein periode i livet, eller menneske vi har eit spesielt forhold til. Her vil vi gjerne vite litt meir om kva som er spesielt med den gjenstanden (kulturminnet) du har valt ut.

1) Har kulturminnet ei spesiell tyding for dei som eig det?

Dokka betyr mykje for informanten min. Då ho fikk dokka var det ikkje mange som hadde slike dokker i bygda der ho voks opp. Ho var veldig stolt då ho fikk henne.

2) Har eigaren kjøpt gjenstanden sjølv, eller har dei kanskje fått den av nokon spesiell?

Informanten min fikk dokka av bestefar sin. Dokka er difor eit minne om han.

3) Er kulturminnet kjøpt på loppemarknad/auksjon. I så fall kvifor?

Nei.

4) Er det nokre spesielle historier knytt til kulturminnet?

Informanten fekk dokka av bestefar sin då han var heime på ferie i Noreg. Det var einaste gongen ho møtte bestefar sin. Han reiste attende til USA, og døydde i ei ulykke til sjøs nokre år seinare.

Innsamlar (førenamn og skule): Siv, tidlegare elev ved Lista ungdomsskule

Ho var fem år da ho fekk dokka. Det var ei av dei finaste leikene ho hadde. Etter at ho vart vaksen har ho hatt dokka til pynt. I dag står den på ei hylle inne på eit gjesterom. Barnebarnet til min informant er av og til inne og ser på dokka, men ho tykker den ser litt skummel ut.



(Fotografi av dokka. Fotografia skal lagrast i mappa di på skulens server, *ikkje limast inn i spørjelista!*)

KULTURELT 2008
MANGFALD 08

KULTURMINNEÅRET 2009